



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5009 - 21/84767

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
15.12.2021

Mellombels bruksløyve for firemannsbustad med adresse Leknesvegen 233 - gbnr 196/30 Midtgård

Administrativt vedtak: Saknr: 1341/21
Tiltakshavar: Majo Eigedom AS
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for firemannsbustad med adresse Leknesvegen 233 A, B, C og D og felles intern veg på gbnr 196/30// på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.**
- 2. Ferdigstest skal liggja føre innan 26.04.2022.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 12.10.2021.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Permanent sikring med gjerde.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 26.04.2022.

Det vert elles vist til søknad mottatt 26.11.2021 og supplert med tilleggsdokumentasjon mottatt 14.12.2021.

VURDERING

Kommunen legg mottoken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Skildring

Adresse:	Leknesvegen 233 A, B, C og D
Bygningstiltak:	Firemannsbustad
Bygningsnummer:	300948084
Bruksareal:	327,8
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	0

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/5009

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ